

Fire Uskedalslag med sterkt innsats på Bø Cup.

10.06.2018



Gutar 11 vann alle sine kampar i sin pulje.

Uskedalen G11 var i helga på Bø cup. Laget bestod av 7 gutar fødd i 2007 og 4 gutar fødd i 2008. Trenarane Jan Øvstebø og Trond Myklebust var også med. Så vi var ein god blanding. Alle reiste opp på fredag og vi budde på Bø camping. Der hadde gutane alt dei trøng for å få tida til å gå mellom kampane. Det gjekk i trøbilar, trampoliner og svømmebasseng.

Vi hadde gåavstand til Bø Sommarland og ikkje minst til kamparenaen vår. Alle kampane gjekk innandørs i Telemarkshallen som faktisk hadde ein behageleg temperatur i denne varmen.

Det var 4 lag i pulja vår, Bjoa Mix, Gimletroll 2, Lommedalens Real og Uskedalen.

Lørdagen starta med kamp mot Lommedalens Real fra Oslo som vi vann 6-1.

Seinare samme dagen var det Bjoa Mix som måtte gå av banen med 0-4 tap.

Cupen blei avslutta på søndagen med kamp mot Gimletroll 2 fra Kristiansand, denne vann vi 4-0. Så 3 sigrar og 14-1 i målforskjell etter spel mot lag fra Oslo og Kristiansand skal vi vera stolte over. Måla blei skora av alle lagledd, forsvar, midtbane og spissar så her bidrar alle til at det går så bra.

Det var litt klaging fra keeper at det var lite og gjera på, men det får vi tru at dei taklar.

Så vi kosa oss alle. Det var til og med observert nokre fotballivrigje bestemødre blant publikum.

Til slutt skal det og seiast at det vart nevnt at no er det under eit år til neste Bø cup.

Så vi tek nok turen til neste år også.

Tekst/foto:Trond Myklebust
Nett: Kristian Bringedal